

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	20/959

Saknr	Utval	Type	Dato
101/2020	Formannskapet	PS	02.11.2020
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

### Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

#### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2021 og ØP 2021-2024	26.10.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 8.2
2. Investeringsbudsjett 2021 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 8.3
  - a. Kommunestyret godkjenner ikke opptak av nye lån i 2021 for investeringsføremål. Investeringsaktivitet i 2021 blir finansiert av tilskotsmidler
  - b. Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer
3. Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 6 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan
4. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Rådmannen legg frem med dette årsbudsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024 til politisk handsaming.

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra. Årsbudsjett er eit overslag på kommunen sine inntekter for det neste aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har tilgjengeleg. Budsjettet er det primære styringsdokumentet i økonomiforvaltninga.

Det er formannskapet som legg frem årsbudsjettet og økonomiplan til kommunestyret, etter tilråding frå rådmannen.

## Høyring

Årsbudsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar etter at formannskapet har innstilt framlegg til vedtak i kommunestyret.

## Vurdering

Årsbudsjett for 2021 og økonomiplan 2021-2024 er lagt fram i balanse, men vidareføring av politiske vedtak gjer at 2 av dei 3 handlingsreglane vedtatt i KS 058/2020 er ikkje oppfylt i heile økonomiplanperioden:

- Netto driftsresultat over TBUs norm på 1,75 % er ikkje oppfylt
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto inntekt er ikkje oppfylt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto inntekt under 60 % er oppfylt

Brutto driftsinntektene i budsjett 2021 er anslått til 234,6 mill., og viser ein auke på 1,3 mill. (0,6 %) i høve 2020 nivå. Kommunen får større trekk i rammeoverføringane enn auken i anslått skatteinngang for 2021, og 2021 er det siste året med integreringsmidlar. Resten av inntektspostane er ein vidareføring frå 2020 nivå.

Brutto driftsutgifter i budsjett 2021 er anslått til 234,5 mill. Lön- og sosialeutgifter står for om lag 70 % av driftsutgiftene.

Netto finanspostar i budsjett 2021 finner ingen rom for nye låneopptak for investeringsføremål. Rente- og avdragsutgiftene lagt inn i budsjettet betener eksisterande gjeld. Utbyttepost frå eigardel i BKK er vidareført i budsjett 2021 på same nivå som i 2020.

Netto finansutgifter i budsjett 2021 er på 9,2 mill., og viser ein auke på 1,3 mill. (17 %) i høve 2020. Dette er eit utgiftsnivå som Masfjorden kommune må leve med vidare i fleire tiår etter dei historisk høge investeringane i 2019 og 2020.

Netto driftsresultat er eit av dei viktigaste nøkkeltala i kommunesektoren, og viser kva kommunen sitt igjen med av driftsinntekter når alle springande driftsutgifter, inklusiv renter og avdrag, er betalt. I budsjett 2021 er netto driftsresultat anslått til eit underskot på 1,4 mill. (-0,6 %). For å oppfylle handlingsregelen og TBUs norm på 1,75 %, skulle driftsresultatet vært eit overskot på 4,1 mill. Med andre ord ein differanse på 5,5 mill.

Netto disponeringar/avsetjingar er knytt til finansiering av eigenkapitalinnskot KLP, aktivitet knytt til tilrettelegging bustadbygging og kjøp av tomter Duesundøy.

Masfjorden kommune vil ha ein netto lånegjeld på 135 mill. ved inngangen til 2021. I heile økonomiplanperioden 2021-2024 er det ikkje lagt inn nye låneopptak for investeringsføremål. Netto gjeld i prosent av brutto inntekt vil gå frå 55 % i 2021 til 44 % i 2024.

## Konklusjon

Masfjorden kommune merker i stadig større grad enn tidlegare utfordringar som gjer den økonomiske balansen vanskelegare å oppnå. Dette skyldast blant anna følgjande forhold:

- Usikre og fallande sentrale inntekter
- Fallande innbyggjargrunnlag
- Tenestestruktur som ikkje er tilpassa inntektssystemet
- Høg gjeldsgrad
- Stadig høgare kommunal eigenfinansiering av tenesteproduksjonen
- Knappe ressursar

Masfjorden kommune, som dei fleste andre kommunane i kommune-Norge, får sentrale overføringer til å drifta ein «gjennomsnittleg» tenesteproduksjon. Barnehagestruktur på dagens nivå kostar Masfjorden kommune 1,3 mill. ekstra i høve samla drift. Skulestruktur på dagens nivå kostar Masfjorden kommune 2,7 mill. ekstra i høve samla drift. Legedekninga i Masfjorden kommune har også eit effektivitetstap i millionklassen.

Masfjorden kommune har fått redusert innbyggjargrunnlaget sitt med 33 personar på halvanna år. Ser ein på endringa over dei siste tre åra er reduksjonen på 50 personar. Størst nedgang er det for barnehagebarn (reduksjon på 27 barn, eller -22 %) og ungdom i vidaregåande/høgskulealder (reduksjon på 39 personar, eller -24 %). Fallande innbyggjargrunnlag betyr fallande rammeoverføringer frå inntektssystemet, og desto vanskelegare å oppretthalde økonomisk balanse ved vidareføring av tenesteproduksjon som ikkje er tilpassa inntektssystemet.

## Formannskapet - 101/2020

### **FS - behandling:**

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø, oppvekstleiar Rita Ludvigsen og helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

1. **Driftsbudsjetten 2021 og økonomiplanen 2021-2024 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 8.2**
2. **Investeringsbudsjettet 2021 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 8.3**
  - a. **Kommunestyret godkjenner ikkje opptak av nye lån i 2021 for investeringsføremål. Investeringsaktivitet i 2021 blir finansiert av tilskotsmidlar**

- b. **Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer**
- 3. **Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 6 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan**
- 4. **For eigedomsskattåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2021 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd**